



Ørskog sokneråd

Årsrapport for 2022

Visjon:

Meir himmel på jord

Kyrkjelyden er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap der menneske blir utfordra til tru og aktiv teneste.

Medlemar i den norske kyrkja døyper borna sine, og alle born blir inviterte til trusopplæring.

Kyrkjelyden viser omsorg og misjonsengasjement.

Kyrkjelyden deltek aktivt i lokalsamfunnet og fremjar menneskeverdet.

Medlemar i Ørskog sokneråd 2019-2023:

Else Karin Lied/leiar, Lars Tore Nerbøvik/nestleiar, Kristian Fjørtoft, Knut Helge Vestre, Karin Årdal, Sigmund Stene/medlem i Ålesund kyrkjelege fellesråd, Elisabeth Krohn Runde og Øyvin Danielsen. For geistleg representant i 2022 har prost Svein Runde og kateket Olav Rønneberg møtt, og fung. sokneprest Arnt Sigurd Solli frå desember 2022. Sakshandsamar og sekretær Åsrún Eli Håvik ut mai -22. Ester Walgermo innleigd sekretær frå 1. september.

Varamedlemar Åse Kristin Farkvam Reite, Eldbjørg Braute, Karen Simonnes Aanes/varamedlem i Ålesund kyrkjelege fellesråd, Aud Marie Gjære og Astrid Hildre.



Tilsette i Ørskog sokn

Staben i Ørskog sokn har i 2022 bestått av, frå venstre: kantor Arne B. Varmedal, diakon Asbjørg Oksavik Sve, kateket Olav Rønneberg, kyrkjetenar Marie Hellevik, dagleg leiar Åsrún Eli Håvik (ut mai -22, kyrkjetenarvikar Zlatan Miskovic, sekretær for soknerådet Ester Walgermo. Heilt til høgre prost Svein Runde i Nordre Sunnmøre prosti (tilsett i Møre bispedøme).

Sokneprest i Skodje, Jan Løkkeborg og andre tenestegjerande prestar i prostiet har teke gravferder og nokre gudstenester i Ørskog etter at soknepresten slutta til sommaren 2021: Morten Gravdal, Gunnhild Roaldsnes Bremer og Kristin Fæhn har hatt enkeltgudstenester. Diakon Asbjørg Oksavik Sve og kateket Olav Rønneberg har i om lag 1,5 år teke på seg presteoppgåver, både gudstenester, dåpssamtalar og dåp, møtt i sokneråd, alle andaktene på begge institusjonane på Sjøholt og andre oppgåver som låg til soknepresten.

Vikar i prestetenesta i juli var prestestudent Theodor Halvorsen. Hausten 2022 har tidlegare prost i Orkdal, Birger Foseide budd på Sjøholt nokre månader og gjorde presteteneste her og elles i prostiet.. Frå 1. desember 2022 er Arnt Sigurd Solli tilsett som seniorprest i 60 % i soknet og 40 % i prostiet, og har kontor på Kyrkjetoget. Så vonar vi at stillinga vert lyst ut att og at vi får søkjarar. Dagleg leiar si stilling vart inndrege frå mai 2022 pga. nedskjeringar og dårleg økonomi i fellesrådet. Dette har medført eit stort meirarbeid for fleire av oss, både i sokneråd og stab. Ester Walgermo vart engasjert i inntil 20 % stilling av soknerådet for å lette arbeidet for soknerådet frå hausten 2022.

Basarkomiteen v/ Dagfrid Kjelstadli og Ingunn Tenfjord (leiarar), Berit W. Pedersen, Lovise Jacobsen, Astrid Øvstedal, Reidun Aasen, Kristin Tenfjord Dybvik.

Babysong v/Asbjørg Oksavik Sve

Kyrkjekaffikomiteén v/Signe Nygård, Brit Skjelten og Aud Marie Gjære.

Kyrkjeverttenesta v/soknerådets medlemmer og varamedlemmer.

Klokkartenesta har ei frivillig turnusordning med Lars Tore Nerbøvik, Øyvinn Danielsen, Svanhild Hegerberg, Ragnar Bakken og Mons Olav og Ester Walgermo.

Dåpsopplæringskoiteen som har ansvar for 4- og 6-årsopplegget: Lise Vindi (leiar), Inger Wenche Lid Vethe, Monica Brandal, Mette Breyholtz og diakon Asbjørg Oksavik Sve.

Familiaturen for 5-åringar vart ikkje gjennomført i 2022.

Lys Vaken/Tårnagentkomité v/diakon Asbjørg Oksavik Sve, Ester Walgermo, Karin Årdal, Veronica Stene og Inger Valbø

Andre råd og utval:

Husstyret/Kyrkjetorget v/ Stein Pedersen/leiar, Mons-Olav Walgermo/sekretær, Ingeri Madsen, Edvin Dag Nupen og Øyvinn Danielsen.

Butikkutvalet for Bruktbutikken v/Mons Olav Walgermo

Bruktbutikk- og kafékorpsset rekrutterer mange frivillige som fordeler arbeidsoppgåvene i team på laurdagar. Ei gruppe er med på å rydde og prise varer på onsdagar, med ope bruksal også denne dagen.

Blomsteransvarleg i kyrkja er Ireen Eriksson Sjøholt

KN-kontakt for Kirkens Nødhjelp og koordinator ved fasteaksjon er Øyvinn Danielsen.

Misjonskontakt og bibelkontakt Kristian Fjørtoft

Kirkens SOS i M&R sin kontaktperson i Ørskog er Ireen Eriksson Sjøholt, Ester Walgermo vara

ØRSKOG KYRKJE



Måling av kyrkja

Våpenhuset er måla og like eins toaletta i kjellaren. Det står att å måle trappegangane og galleriet. Målingsarbeidet blei utført av driftsarbeidar i fellesrådet. Budsjett til måling i Ørskog kyrkje vart redusert til 100 000 kr i fellesrådsbudsjettet for 2022.

Vidare måtte dåps- og prestesakristiet med yttergangar målast. Ein soknerådskomite som består av Åse Kristin Reite, Elisabeth Runde og Karin Årdal, har stått for utbetring av dåpssakristie. Dei har utført dugnadsarbeid og fått eit fint oppussa dåpssakristi. Sigurd Hatlen har laga ny hylle til dåpssakristiet.



Med i planane for å fullføre målingsarbeidet i kyrkja, er å måle dekor på brystningspanela langs galleria. Preikestol og døypefont står òg for tur til å bli opprusta. Budsjettmidlar på 1,5 million kroner til fullføring av måling er blitt skyvd ut i tid og er no tatt vekk. Soknerådet har gripe tak i dette og vil arbeide for at det blir gitt gåver til 150-årsjubileet i 2023 til dekormåling i kyrkja. Soknerådet meiner dette er ein viktig del av kulturarven at kyrkja blir halden i hevd og tilbakeført til slik ho var. Dette vil kunne vere ei oppgåve bygda kan gå saman om å gi til kyrkjejubileet. Med i dei langsiktige planane er å måle golvet og kyrkjebenkane

KYRKJELYDSHUSET/KYRKJETORGET

Bruktbutikken har halde ope heile året og har hatt eit svært godt driftsresultat. Talet på besøkande i bruktbutikken har gått opp, men besøkande på kafèen har ikkje kome tilbake til slik det var før pandemien.

Det er også i 2022 gjennomført investeringstiltak som vedlikehaldsfrie plater på muren rundt heile huset. Det er arbeidd med å finne ut av lekkasje på taket. Dette kan bli ein stor operasjon. Årsmeldinga frå husstyret har ein fyldig oversikt over aktiviteten på huset.



KYRKJELYDSARBEIDET

Gudstenestene

Jula 2021 og også på dei fyrste gudstenestene i 2022 var det restriksjonar i starten, det var krav om avstand mellom både rader og personar, vi måtte tildele folk kvar dei skulle sitje når dei kom. Ut i februar letta restriksjonane, men det var oppmoding om noko smittevern utover vinteren. Gravferd vart gjennomført med avgrensa tal på personar fyrste tida etter nyttår, oftast berre for dei som vart invitert, men også her letta restriksjonane i februar.

Det var stor glede då påska kom og vi kunne feire påske i kyrkja for fyrste gong sidan året før koronapandemien, og utan strengt smittevern. Diverre gjekk palmesøndagsgudstenesta ut pga. prestemangel. Men langfredag og påskedag var det gudstenester. Songarane Sarah og David Åstrøm var med på IMF sine påskemøtet på folkehøgskulen, og deltok med song i kyrkja 1. påskedag.

Samtalegudstenesta og konfirmasjonsgudstenestene gjekk som normalt denne våren.

Det vart forretta til saman 27 gudstenester i Ørskog sokn. Av desse er to årlege friluftsgudstenester, den eine på Liasætra i strålande ver, og den andre på Kristi himmelfartsdag på Tøsse ilag med Skodje sokn i pøsande regnver.



17. mai kunne vi dette året endeleg få feire som normalt igjen, og skodjepresten tok gudstenesta i kyrkja ilag med Ioana Precup på orgel og Arnljot Lande på kornett. Sommaren og hausten 2022 fekk vi endeleg inn prestevikarar som avlasta diakon og kateket etter 1, 5 år utan sokneprest.

Hausttakkefesten i september er tradisjon med utdeling av 4-årsbok, og bygdekvinnelaget pynta i kyrkja med blomar, frukt og grønt, og hadde med gode kaker til kyrkjekaffien. Ein stor takk til dei for denne årlege innsatsen!

I oktober vart det gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved kateket Olav Rønneberg.

Helgemessa med minning av dei avlidne er fyrste helga i november, der får pårørande spesiell invitasjon. Vikarprest Birger Foseide og diakon Asbjørg Oksavik Sve leia, og Annette Sollie Hagen var med for andre året på rad med nydelege tonar på golvharpa. Kyrkjekaffi er viktig slik at pårørande og andre sørgande kan få stoppe opp og få kontakt med diakon, prest og andre.

I desember vart det gjennomført lysmesse ved kateket og ny vikarprest Arnt Sigurd Sollie, i motsetning til åra før då det måtte gjennomførast som ei lysvandring i kyrkja.

Julegudstenestene var ved Arnt Sigurd Sollie, og julafta spelte Inger Valbø (orgel), Emilie Terøy Ødegaard Nathalie Ringstad Tennfjord (song). Juledag Marc Hillebrand Labrujere (orgel) og Arnljot Lande (kornett).

Siste åra har det vorte sett opp ei stor julekrybbe i kyrkja i advents-og juletida, og sameleis ei stor grav med «palmegreiner» og lykter i påsketida som ei visuell preike i seg sjølv.



Ireen Eiriksson Sjøholt har teke over pynting av blomar og oppsatsar til gudstenestene etter Ingeri Madsen. Eit frivillig klokkarkorps og kyrkjevertar/brannvakter er med som medhjelparar ved alle gudstenestene. Det er i hovudsak soknerådsmedlemmane som gjer denne tenesta, men også andre frivillige.

Kyrjekaffi i kyrkja etter gudstenester vart utelate i koronaåra grunna smittevern, bortsett frå gudstenestene i trusopplæringa og minnegudstenesta. Det vart ikkje kome i gong att i 2022, men er eit ynskje om å få det til oftare som eit viktig inkluderande fellesskap.



Andakter på institusjonane

Det var ikkje fysiske andakter på Ørskog omsorgssenter og Steinholt busenter i 1,5 år i koronatida. Diakon Asbjørg Oksavik Sve tok opp att andaktene i samarbeid med kantor Arne B. Varmedal i september 2021. I heile 2022 har vi hatt andakter begge stader annakvar onsdag, og det vert sett stor pris på. Til saman har diakonen hatt 42 andakter her i 2022 (21 kvar plass) og vorte god kjend med pensjonæranne. Kolbjørn Gjære har vore vikar to gonger, i tillegg har han og Elisabeth Runde vore vikarpianistar nokre gonger.

Sjøholt folkehøgskule

Hausten 2021 opna Sjøholt folkehøgskule på Lande og i 2022 auka dei elevtalet. Soknet set pris på samarbeidet, kateket har hatt førjulsgudsteneste i kyrkja for skulen siste to åra, dei har også besøkt kyrkja og diakon har vitja skulen og halde ord for dagen og orientert om kyrkja sitt arbeid. Det er potensiale for endå meir samarbeid med skulen.

Kyrkjemusikk

27. april inviterte Skodje kyrkjekor til salmekveld i kyrkja, med dirigent Tom Gontier og kantor Arne B. Varmedal. Dei serverte også kveldsmat.

I august var det konsert i serien Internasjonale kyrkjekonsertar i Ålesund. Det var vår- eigen kantor Arne B. Varmedal i samarbeid med ekteparet Stephanie Lippert Djupvik og Hallvar Djupvik.

Ørskog Brass inviterte med seg Skodje kyrkjekor til støttekonsert for Ukraina i Ørskog kyrkje våren 2022.

Seinhausten baud på kalde temperaturar, og ein av konsertane i serien Internasjonale kyrkjekonsertar måtte avlysast same kveld pga. kulde i Ørskogkyrkja. Vi ynskjer akkordionmusikarane i Storm Duo, Kristina Farstad Bjørdal og Asta Soffia Thorgeirsdottir frå Island velkomne tilbake til ei varmare oppleving neste gong. Kulturskulen leigde også dette året kyrkja før jul til konsert, der elevar frå kulturskulen og Ørskog skulekorps deltok.

Kantor Arne B. Varmedal har hovudansvar for det kyrkjemusikalske arbeidet i Ørskog sokn og Skodje sokn. Han spelar på dei aller fleste gudstenester, gravferder, andakter på institusjonar i begge

sokn, i tillegg på konsertar m.m. i dei to sokna. Etter kommunesamanslåinga og overføringa til Ålesund kyrkjelege fellesråd har han vorte veldig mykje nytta i andre sokn i ytre delar av fellesrådsområdet. Han har også vore gjestemusikar andre stadar.

MISJON

Misjon i kyrkjelydsarbeidet

Ørskog kyrkjelyd har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap/NMS retta mot Etiopia og England. Det er årleg 3 kyrkjeoffer til desse. I tillegg basarinntekter og tilskot frå Bruktbutikken gjer at det årleg blir gitt i alt kr. 20 000 til misjonsprosjekta. Dette bør vurderast å auke for framtidige år.

Ørskog deltok i aksjonen Saman som kyrkje i heile verda. I solidaritet med våre kristne systre og brør som hadde større lidningar enn oss i pandemien, og også liding på grunn av ufred, fattigdom og forfylgjing ville vi stå saman med dei. Det var misjonsprosjekta våre i NMS som fekk det vi samla inn på Spleis og offer i aksjonsperioden som var frå Kristi himmelfart og til jonsok.

Det er ikkje lenger misjonsforeiningar i tilknytning til kyrkjelyden, Prestegårdens koneforeining/NMS har vore ein del av kyrkjelydsarbeidet i over 100 år med faste samlingar og innsamlingar til misjonen, men i 2020 vart denne lagt ned.

TRUSOPPLÆRING

Soknerådet har ansvaret for at det blir gjennomført trusopplæring for døypte born frå 0-18 år. Diakon Asbjørg Oksavik Sve som også er kyrkjelydspedagog har ansvar for alle tiltaka for born i alderen 0-14 år i samarbeid med frivillege team og også hovudansvar for planar og årleg rapportering til Kyrkjerådet.

Kateket Olav Rønneberg har ansvaret for opplegg, gjennomføring og rapportering av konfirmantantarbeidet. Soknerådet dekkjer ein del av løna til arbeidet og dette er finansiert med kr. 200 000 i tilskot frå Bruktbutikken.

Dåp

Det vart døypt 15 born i Ørskog kyrkje i 2022. Siste 7 åra har dåpstala i soknet gått mykje ned. Siste 4-årstreffa er berre halve kullet døypt, og det var også tilfelle med året sine tårnagentar som er 8 år i år.

Dette er orientert om til soknerådet som vil sjå kva som kan gjerast for å få fleire døypte. Å få på plass ein fast sokneprest kan vere eit ledd til fleire dåp. Også reklamere meir for dåp. Vi må vere på tilbodssida, og passe på at der er opning for dåp på dei fleste gudstenester. På babysong er dåp ofte eit tema, sidan foreldre deler med kvarandre kva dei står opp i, og ofte er dåp noko som skjer i løpet av dei 2-3 fyrste månadane i barnets liv.

Babysong

Det er babysong annakvar veke på Kyrkjetorget. Mange finn eit miljø her med felles ting dei er opptekne av. Det er diakon Asbjørg Oksavik Sve som har ansvaret for babysongen.

Babysongen er viktig både reint musikalsk for borna, men også det sosiale for foreldra. Vi legg vekt på det gode samspelet mellom foreldre/born, ei hjelp til foreldra å vere gode omsorgspersonar og å hjelpe dei å vere gode formidlarar av den kristne kulturarven. I løpet av 2022 var det 15 familier som nytta seg av tilbodet, også nokre fedre var med babyane innimellom.

4-årstreff

Det er lang tradisjon i kyrkja for desse treffa, faktisk nærare førti år sidan DNK starta med 4-årsbokutdeling. Oppmøtet her hos oss har jamt over vore veldig bra. I 2021 oppdaga vi at berre halvparten av borna i dette kullet var døypte, sameleis i 2022 og vi fekk oss ein vekkjar på at også her har dåpstala byrja å gå ned. Vi prøver å nå ut med invitasjonen til foreldre til alle i kullet uansett, og enn så lenge har vi fått delt ut eller hengt opp oppslag i barnehagane. Vi informerer også gjennom facebook og heimeside. Det var 11 fireåringar som kom på 4-årstreffa i haust.



Borna får innblikk i skapinga, dei får høyre om Jesus som ven og nokre av undera han gjorde. Foreldra er deltakande hjelparar under formings-aktiviteten. Det er tre ettermiddagssamlingar og gudsteneste i kyrkja der dei får utdelt 4-årsbok og får vere med å synge.

Familieturen

«Klatreturen» utandørs med Sakkeus som hovudperson for 5-åringane med familie gjekk diverre ut dette året, pga. arbeidssituasjonen til diakonen som får ekstraarbeid når vi mangla prest.

Dåpsskule /6-årsbok

Borna i 6-årskullet vart inviterte til to kveldssamlingar og ei gudsteneste. Her fekk dei eine kvelden høyre om Bartimeus og lage seg ein Bartimeusfigur med bind for auga. Dei fekk dramatisere Den miskunnsame samaritan og lære om dåpen. Formingsaktivitet var m.a. å male fine glasmaleri på vindauge på Kyrkjetorget og å lage Bartimeus å ta med heim. Den andre samlinga var i kyrkja der dei fekk vere med på leikedåp og øve litt på song og prosesjon. Påfølgjande søndag var det gudsteneste i kyrkja der dei deltok med song og fekk utdelt 6-årsboka. 17 6-åringar deltok, og det er ein høg prosent av alle fødte i kullet.

Tårnagenthelg for 8-åringar

I februar var ei flott gruppe 2. klassingar samla i kyrkja til klatring i det høge tårnet og leiting etter Bibelen og kyrkja sine skattar rundt omkring i kyrkjeromet. Ute på gravplassen var det også mykje å sjå. Gudstenesteverkstad med drama, bønner og øving av ein song til søndagens gudsteneste stod på programmet. Borna fekk også lære om nattverden. Det var 15 born med på Tårnagenthelga, som er 71 % av dei døypte.

Talet på faste friviljuge medarbeidarar har minka for Tårnagenthelg og Lys Vakenhelg, så det er med spenning vi ser om der er nok foreldre som melder seg som medhjelparar kvar gong. Vi er avhengig av mange ekstra friviljuge på desse to tiltaka.



Lys Vaken helg med 11-åringar

Berre i det fyrste koronaåret var Lysvakenhelga avlyst. Både i forfjor og i fjor har vi hatt stort oppmøte, 19 born var påmelde. Det er nesten heile kullet. Vi øvde inn Lyvakensongen, hadde gudstenesteverkstad, deretter refleksløp ute med bibeltekstar og aktivitetar og

pizza på Kyrkjetorget, før vi gjekk til kyrkja att. Der var det rigging av soveposar og madrasser før filmkveld med snop, og til slutt kveldsbøn. Vi overnatta i kyrkja, og fekk frukost på Kyrkjetorget, før det var klargjering til gudstenesta neste der alle borna deltok med drama, forbønner og song. Vikarprest Birger Foseide (biletet) var med også laurdagen ilag med diakon og frivillege.

Kateket i et post pandemisk perspektiv.

Kjære kyrkjefolk. Back on track?



Det var ei god oppleving for oss som folkekyrkje igjen å kunne invitere til konfirmasjon, tradisjonen tru både tid, stad og ikkje minst som ei storhending for konfirmantane, deira familiar, og oss som kyrkjelyd. 24 konfirmantar vart konfirmert i mai 2022. Sidan det er årsmeldinga for dette året så har vi i år 18 konfirmantar som følgjer undervisninga.



Elles så må det nemnast rekorden på Fasteaksjonen, 27104 i bøsser og på vipps. Det er fabelaktig. Alt dette er mogleg med eit veldig godt samarbeid med føresette.

Når eg skriv eit spørsmålsteikn bak om vi er på sporet igjen så var vi litt spente, men i samarbeidet med skular og barnehagar så har vi funne tilbake til det sporet vi hadde før. 2022 hadde kyrkja gudsteneste før jul med Sjøholt folkehøgskole, med Ørskog skule og barnehagane.

I tillegg kom både julevandringar for 4-åringane og første klasse, påskevandringar for førskulegruppa på barnehagen og andre klasse, samt bibelutdeling for 5te klasse. Som kateket er dette veldig gode (og litt travle) opplevingar. Tusen takk for samarbeidet. Vi er veldig glad for mottakingane vi får i skular og i barnehagar.



Elles så må eg også nemne at litt av tida mi har også gått med til vera tilsette sin representant i bispedømeråd og kyrkjemøtet, og som leiar for Arbeidsmiljøutvalet i fellesrådet. Til slutt må eg nemne dei veldig kjekke samlingane der eg får treffe dei som er russ i år, og som

kjem til kyrkja for å få tilbake brevet det skreiv til seg sjølv. Det vert veldig kjekke samtalar med desse fine ungdomane, no er dei flygedyktige.

Olav (oldis) kateket

ALMENN DIAKONI etter koronaåra

Diakonen har utfordring med å få tid til særlege diakonale oppgåver, sidan mykje av stillinga er retta mot trusopplæringsarbeidet. Også i 2022 hadde ho «prestansvar» for fleire gudstenester og dåpssamtalar sidan vi mangla prest. Men ho utfører ein del utøvande arbeid mot enkeltpersonar og institusjonar. Andaktene har vi skrive om før, det er diakonen som har teke ansvaret der heile tida utan fast sokneprest. Der har diakonen også god kontakt med bebruarane og tilsette.

Diakonen har sett det som eit diakonalt arbeid å ha ansvaret for Ørskog kyrkje på facebook, og har brukt ein god del tid på å legge ut informasjon, om gudstenester, andakter og anna kyrkjeleg stoff og misjonsstoff. I mai 2022 oppretta ho ei eiga offisiell side på facebook, den er også open for alle, men berre administratorar kan legg ut noko der. Namnet her er Ørskog kyrkje, og den gamle facebookgruppa har fått namnet Ørskog kyrkje sine vener. Den kan nok fasast ut etter kvart.

Flyktningarbeidet er ikkje så lett å få til etter kommunesamanslåinga. Det at flyktningkonsulentane og vaksenopplæringa er flytta fysisk ut av gamle Ørskog kommune gjer samarbeidet litt meir komplisert. Det er uansett fint å sjå at flyktningar og innvandrarar gjer seg nytte av bruktbutikken både som butikk og sosialt treffpunkt.

Det er ikkje busett nye flyktningar i 2022 i Ørskog, heller ikkje frå Ukraina, utanom dei som evt. har kome utanom den offisielle flyktningtenesta.

Diakoniutval

Det har ikkje vore oppretta nytt diakoniutval sidan soknerådsvalet, og diakonen har sakna eit utval som kan vere med å arrangere diakonale tiltak, og også i ei tid med revidering av lokal diakoniplan. Dersom det ikkje vert oppretta eit slikt utval er det soknerådet som skal ha denne funksjonen. Diakonen har revidert diakoniplanen frå 2014 og lagt den fram for soknerådet som skal handsame og godkjenne den på nyåret 2023.



Sidan diakonstillinga no går tilbake til Stranda og Storfjorden kyrkjelege fellesråd når diakon Asbjørg Oksavik Sve sluttar, kan det bli ei stund før det kjem diakon til soknet vårt. Ved starten på det nye året vart det i kombinasjon med tårnagenthelga halde avskjedsgudsteneste for Asbjørg, med takketale frå soknerådsleiar, med overrekkjing av gåve og kakefest frå soknerådet etter gudstenesta.

Besøkstenesta

Vi har ei lita besøkstenestegruppe som går til einskilde på heimebesøk. Diakonen har i tillegg individuell kontakt med nokre eldre. I påska og i jula ga diakonen blomar frå kyrkjelyden til Steinholt busenter og Ørskog sjukeheim, i tillegg fekk dei kvar sine utgåver av praktboka Sunnmørskyrkjene.

Fellesskapskveldar

Den fyrste fellesskapskvelden i 2022 var i januar, May Lisbeth Hovlid Aurdal frå NMS (Det norske misjonsselskap) fortalde om misjonsarbeid i England og Etiopia, der kyrkjelyden har sine misjonsprosjekt. Fellesskapskvelden i mars var også kyrkjelyden sitt årsmøte. Diakon Asbjørg Oksavik Sve hadde tema om diakoni, Knut Ivar Bø spelte trekkspel og Arne B. Varmedal spelte piano til songen. Årsmelding vart lagt fram av soknerådsleiar Ese Karin Lied.

Tema for fellesskapskvelden i april var Anders Hovden sitt liv som frilyndt prest og salmediktar. Solveig og Steinar Aksnes stod for presentasjonen og framføring av Hovden sine dikt.

Siste fellesskapskvelden før ferien vart det fellesskapskveld ute i det fri i fineveret, då soknerådet inviterte til grillmat og kake. Etter ferien var det Jan Løkkeborg som hadde foredrag om bibelforskning og oversetjingsarbeid. «Kan vi stole på Bibelen?» var tittelen.

I oktober var det forfattaren, journalisten og kulturanmeldaren Alf Kjetil Walgermo som fortalde om forfattarskapet sitt og bøkene han har skrive. I tillegg song han to av sine eigne songar med eige gitarakkompagnement til. Ein flott kveld, og godt besøkt.



Fellesskapskvelden i november hadde vi kombinert salmekveld og søndagsskulefokus. Jorunn Bakke Orvik på piano og Kari Sørдал Hagen på tverrfløyte. I tillegg besøk av søndagsskulekonsulentane, Hilde Balsnes Lande i Sunnmøre og Nordfjord, og Hans Orset frå Nordmøre som brenn særleg for forbønsteneste for søndagsskulen.

Ein fast komite lagar til måltid, ynskjer velkomen og ryddar i etterkant. Dagleg leiar og diakon har sytt for omtale og annonsering i 2022.

Kyrkjebasaren

I slutten av oktober var det den årlege kyrkjebasaren der Kolbjørn Gjære stod både for andakt og musikk, og basarbandet var Kåre Myren og Magnar Vikenes. Basarkomiteen med Dagfrid Kjeldstadli og Ingun Tenfjord i leiinga gjorde ein fantastisk jobb igjen med tilrettelegging av loddbooker, gevinstar, mat og program.

Bruktbutikken og kafé

Opningstid for Brukt'n i 2022 har vore onsdagar kl. 11-15 og laurdagar kl. 11-15. Det har ikkje vore så mange besøkande på kafeen som det var før pandemien. Salet er godt og det er ikkje uvanleg med 20 000 kr i inntekt per veke.





Overskotet blir nytta til kyrkjelydsarbeid, vedlikehald, utbetringar, misjonsavtale og avsetting til disposisjonsfond. Som invitasjon til å få med Skodjebygdarar til butikkdrifta, har del av overskotet på kr. 50 000,- gått som gåve til Skodje kyrkjekor. Koret har medlemmar også frå Ørskog og fungerer som brubyggar mellom dei to sokna. Det er ikkje slik at det må vere medlemmar i koret eller i soknerådet, men butikkstyret ynskjer generelt engasjerte Skodjebygdarar velkomen til butikkdrifta.

ADMINISTRASJONEN

Reduksjon i kommunale løyvingar har ført til at Ålesund kyrkjelege fellelsråd i 2022 har omorganisert og teke bort stillingane som dagleg leiar i sokna.

Drift av datasystem er overteke av IKT-avdelinga i kommunen. Fellelsrådskontoret på Daaeskogen, Langelandsvegen 17, på Moa har sekretærfunksjon, gravferdsforvaltning, personalfunksjon, kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning, prost og kyrkjevevje. Bispedømet dekkjer også eit kontor for prosten som han kan nytte lokalt i Ørskog.

For Ørskog sokneråd vart dette ei svært vanskeleg omorganisering. Utan fast prest og utan administrativt personale, kjente soknerådet at det mangla bindeledd mellom stab og kyrkjelyd.

Soknerådet engasjerte Ester Walgermo som sekretær for soknerådet i ein tidsavgrensa periode frå 1.september 2022 av eigne midlar.

SOKNERÅDSARBEIDET 2022

Soknerådet har i løpet av året hatt 7 soknerådsmøter og behandla 51 saker. Torsdag den 31. mars 2022 var det årsmøte, soknemøtet. Møtet var lagt til ein fellelskapskveld.

Else Karin Lied har vore soknerådsleiar og Lars Tore Nerbøvik nestleiar.

Saker som har vore handsama: Godkjenning av rekneskap og budsjett, konsertutleige, innspel til kyrkjeleg organisering, brannrunde, smittevern, godkjenning av gudstenesteplan, tildeling av offerformål, innverknad i utlysing av soknepreststilling og innspel til fellelsrådet sitt budsjett. Mellom anna er toaletta i kyrkja utbetra og dåpssakristiet er blitt måla og oppgradert med nytt inventar. Soknerådet arrangerte fest for konfirantar med foreldre. Trusopplæringsplanen har vore oppe som sak der diakonen orienterte om planen og om arbeidet med trusopplæring og kateketen har hatt orientering om konfirmentarbeidet. Soknerådet har nedsett jubileumskomite til 150 års jubileet i 2023.

Det er brukt mykje tid og ressursar på innspel til ny organisering i Ålesund kyrkjelege fellelsråd. Løysinga som blei vedtatt har skapt uro og store utfordringar og frustrasjon for soknerådet. Rådgevar for kyrkjelyd Kristin Smehus er utnemnt som dagleg leiar med den signaturrett som ligg til dagleg leiar.

Takkoffer

Soknerådet innvilga i alt 21 offer frå ei søkjarliste på www.kirkekollekt.no. Soknet sin misjonsavtale med NMS gjeld frå 2018 til oktober 2022. Innsamlingsmål er årleg 10 000kr til misjonsprosjekt i Etiopia og kr 10 000 til misjonsprosjekt i England. Overskotet frå bruktbutikken har gjort dette mulig, i tillegg til planlagte 3 ofringar til NMS På nettsida www.orskog.kyrkjelyd.no

og på facebook vart det oppfordra om å støtte offerformål, sjølv om ein ikkje kunne møte opp til gudstenester. . Offer til eige arbeid vart innvilga med til saman 9 ofringar til kyrkjelydsarbeidet.

Økonomi

Soknerådet sin økonomi kan vere litt vanskeleg å ha full oversikt over. Soknerådet sine inntekter kjem gjennom offer og gåver i kyrkjelydsarbeidet og for Ørskog sokneråd sin del gjennom bruktbutikken.

Fellesrådet får løyvingar gjennom kommunen. Det er fellesrådet som har ansvar for kyrkjebygg, vedlikehald , dei fleste stillingane og drifta på kyrkje og kyrkjegard. Løn til kateket og diakon er normalt stillingar som fellesrådet får statstilskot til. For stillingane våre gjeld ikkje det fullt ut. Kyrkjelydane må sjølv finansierer deler av lønsutgiftene.

Prestane får løna si frå staten gjennom bispedømekontoret.

Ørskog sokneråd sitt rekneskap er delt inn i to hovudavdelingar, avdeling 16 som er soknerådsarbeidet og avdeling 10 som er drifta på Kyrkjelydshuset.

I den samla rekneskapen der både avd 10 og avd 16 er slått saman, kjem det fram at soknerådet har eit rekneskapsmessig mindreforbruk – med andre ord eit overskot – på kr 603048,45.

Ørskog sokneråd har forplikta seg på å betale kr. 200 000 for utgiftene til trusopplæringa (diakon og kateket) som ikkje blir dekt av statlege tilskot

I dette jubileumsåret har Ørskog sokneråd vedtatt å bidra til at kyrkja blir tilbakeført til opprinnelege fargar i korpartiet. Preikestolen, døypefonten og lesepulten er ein del av inventaret som ikkje er ferdigmåla ennå. Soknerådet har søkt om støtte frå bedrifter og einskildpersonar for å fullføre dette prosjektet.

Soknerådet har gjort slikt vedtak i sak om Årsrekneskapen for 2022:

1. Refusjon til fellesrådet

Ørskog sokneråd refunderer lønsutgifter til fellesrådet frå avd 10 så lenge det er behov for det og det er stort nok overskot i drifta.

I refusjonen ligg kr 200000 til trusopplæring på avd. 16, og lønsutgifter etter faktura til innleigd sekretær for soknerådet, avd. 16. Overføring av lønsutgifter til 15 % reinhaldar førast på kyrkjetorget, avd. 10

2. Ørskog sokneråd godkjenner rekneskapen for 2022

Overskot på kr. 603048,48, som kjem av svært god omsetning i bruktbutikken, blir sett av på disposisjonsfondet.

Gåver gitt til Ørskog kyrkje 150 år, kr. 15.417,50 blir sett av på bunde fond: 150 årsjubileet Ørskog sokneråd dekker inn rekneskapsmessig meirforbruk på investeringsbudsjettet på kr. 232 384,60 med å bruke av disposisjonsfondet.

Vi ser på tal og statistikk

Kyrkjeleg årsstatistikk, Ørskog:	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Antal gudstenester på søn- og helligdag	30	27	27	33	33	31	29
Talet på frammøtte	2064	1400	1511	3470	3296	2509	2596
Gjennomsnittleg frammøte	69	52	56	105	100	81	90
Gudstenester med nattverd	23	15	18	32	29	25	23
Antal nattverdsgjester i gjennomsnitt	30	23	28	32	30	24	46

Antal medlemer i kyrkja	1679	1693	1699*	1748	1753	1815	1771
Døyppte i Ørskog kyrkje	15	12	11	15	15	16	18
Vigde i Ørskog kyrkje	2	2	2	2	3	3	5
Gravferder	16	14	19	19	15	22	27
Konfirmantar	24	17	17	25	25	15	28
Innmeldte i kyrkja utanom dåp	1	1	0	0	0	0	0
Utmeldte av kyrkja	3	7	4	3	4	9	1

* 2020-2021: kun medlemmer er registrert. Tal med både medlemmer og tilhørige registrert i 2020 var 1736. Kun medlemmer i 2020 er 1699.

Takk!

Soknerådet rettar ein stor takk til alle dei som jobbar som frivillige i Bruktbutikken og som gjer at kyrkjelydsarbeidet går med eit stort overskot kvart år. Dette gjer at vi kan ha ein romsleg økonomi til mellom anna vedlikehald av huset og andre investeringar, utbetale tilskot til stillingar og til misjonen.

Ørskog, 16.03.2023

Else Karin Lianes,
soknerådsleiar

ÅRSRAPPORT FOR HUSSTYRET PÅ KYRKJETORGET 2022

Medlemmer:

Stein Pedersen – leiar, Øyvind Danielsen – representant frå soknerådet, Ingeri Madsen, Edvin Dag Nupen, Mons-Olav Walgermo – sekretær

Ut frå mandatet skal halvparten av medlemmene i husstyret oppnemnast av Soknerådet annakvart år. Det medfører at halve husstyret står på val i 2023. Frå 2020 har Edvin Nupen vorte vald inn i styret. Styret har derfor hatt eit medlem for lite etter mandatet sidan sist val. Det har vore gjennomført nokre investeringstiltak dette året. Vi kjem tilbake til tiltaka nedanfor. Elles har representantar frå husstyret hatt tilsyn med bygget og uteområdet. På grunn av lekkasjen på taket tidleg på året 2022, har det vore til tider krevjande å følgje med og samle opp vatn som har kome gjennom hola. Men vi meiner vi har hatt kontroll med lekkasjane og har jobba med å finne feil og få vurdert skadeomfang og forsikringssum.

Mandat

Mandatet ligg vedlagt.

Sjølv om vi har hatt nokre store og tunge saker å jobbe med (taklekkasje og vindu), har husstyret etter eiga oppfatning halde seg til mandatet og følgd det opp etter beste skjønn dette året også.

Møte

Husstyret har hatt 3 møte i 2022 og handsama 15 saker.

Investeringar:

Det er montert vedlikehaldsfrie plater på muren rundt heile huset.

Det er også montert nye beslag i samband med dette ca kr 230 000

Nye taklampar (ledd) i cafe og leikekrok + kjøkken.

Dimbrytar i cafeen og leikekroken. ca kr 33 000

Når det gjeld lekkasjen frå taket, er husstyret i gang med ny runde overfor forsikringsselskapet KNIF. Etter første runde meinte KNIF vasslekkasjen vart ikkje forårsaka av stormen i januar 2022. Det vart peika på monteringsfeil frå takfirmaet som la ny duk for 5 år sidan. I ettertid er det avdekka fleire hol i duken som skuldast uveret. Vi har hatt fagmann på taket som fann hol og som i første omgang utbetra det. Takstmannen har vore på synfaring, og han har og engasjert fagmann til å vurdere skaden og kva som må gjerast for å utbetre denne. Ny vurdering blir sendt KNIF. I skrivande stund har vi ikkje fått svar frå forsikringsselskapet.

Når det gjeld utbetring av vindua på Kyrkjetoget, har vi fått tilbod frå 2 firma. Husstyret har i tidlegare møte ønska å vente med å tilrå kor omfattande utbetringa skal vere til vi får svar frå forsikringsselskapet vedkomande taket.

Av andre investeringstiltak nemner vi overvakingsskamera ute. Det er innhenta tilbod frå eit firma. Med 2 kamera ute og stasjon innandørs, vil prisen ligge rundt kr 25 000. I tillegg kjem utgifter til kabling. Vi har ikkje gjort vedtak og tilråding om dette enno, men vil kome tilbake til soknerådet med sak viss vi meiner dette hastar.

Når det gjeld bruken av Kyrkjetoget desse åra, har det vore gjennomført nokre fellesskapskveldar, trusopplæringstiltak for 4-åringar, for tårnagentane, Lys vaken, konfirmantarbeid, babysong mm. Nokre minnesamvær, barnedåpselskap og private selskap har det også vore. Men utleige av huset har ikkje kome opp på same nivå som før pandemien. Bruktbutikken har hatt vanleg drift dette året. At brukthandel er populært for tida og mykje brukt, viser også rekneskapen for 2022.

Husstyret er glad for at det har vore muleg å investere i viktige tiltak også i 2022. Husstyret og butikkutvalet vil takke soknerådet for velvilje og positiv haldning til desse investeringane.

Vedlikehald

Når det gjeld faste rutinar for tilsyn og vedlikehald av bygget, viser vi her til årshjulet der det er lista opp tiltak under kvar månad.

Men det er og andre vedlikehaldsoppgåver gjennom året som ikkje står oppført i årshjulet. Det trengst ekstra dugnadshjelp til boning av golv, vask av leiker i leikekroken, rydding av uteområdet osv.

Elles kan det nemnast at vaktmeisteren har slått graset på tomta, frivillige har planta og luka i blomsterbedet sør for bygget og vatna blomsterurnene.

Det er og frivillige som har feia/spylt asfaltplassen om våren, sjekka taket, samla opp lekkasjevatn mm.

Sjøholt, februar 2023

Stein Pedersen – leiar

Mons-Olav Walgermo – sekr

